



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
44/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.04.2015
31/2015	Kommunestyret	PS	04.05.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein-Ove Hesjedal	FA - Q14	15/363

### FINANSIERING - VØLA AV UTRASA VEGBANE PÅ KOMMUNAL VEG TIL TOSKEDALEN

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommunestyre vedtek at investeringsmidlar for 2015, løyvd til «Ferdigstilling av asfaltering Gammersvik-Grøsvik» kr. 780.000,- vert omdisponert som del av finansieringa av vøla og oppattbygging av den utrasa vegstrekka på Toskedalsvegen ved Flothamn / Sverrestuen.
2. Det vert vidare løyvd kr. inntil 2.840.000,- frå Kapitalfondet («VOE-fondet»): 2530010 for å få fullfinansiere prosjektet.

Kalkulert kostnad til prosjektet er : 3,62 mill. kr inkl. mva.

Administrasjonen arbeider med søknad til fylkesmannen om ekstraordinære skjønsmidlar til prosjektet. Ved utbetaling av eventuelt tilskot skal dette tilbakeførast til «VOE-fondet»: 2530010

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 44/2015

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

1. Vaksdal kommunestyre vedtek at investeringsmidlar for 2015, løyvd til «Ferdigstilling av asfaltering Gammersvik-Grøsvik» kr. 780.000,- vert omdisponert som del av finansieringa av vøla og oppattbygging av den utrasa vegstrekka på Toskedalsvegen ved Flothamn / Sverrestuen.
2. Det vert vidare løyvd kr. inntil 2.840.000,- frå Kapitalfondet («VOE-fondet»): 2530010 for å

få fullfinansiere prosjektet.

Kalkulert kostnad til prosjektet er : 3,62 mill. kr inkl. mva.

Administrasjonen arbeider med søknad til fylkesmannen om ekstraordinære skjønsmidler til prosjektet. Ved utbetaling av eventuelt tilskot skal dette tilbakeføres til «VOE-fondet»: 2530010

### **Kommunestyret - Sak 31/2015**

#### **KOM - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **KOM - Tilråding/Vedtak:**

1. Vaksdal kommunestyre vedtek at investeringsmidlar for 2015, løyvd til «Ferdigstilling av asfaltering Gammersvik-Grøsvik» kr. 780.000,- vert omdisponert som del av finansieringa av vøla og oppattbygging av den utrasa vegstrekka på Toskedalsvegen ved Flothamn / Sverrestuen.
2. Det vert vidare løyvd kr. inntil 2.840.000,- frå Kapitalfondet («VOE-fondet»): 2530010 for å få fullfinansiere prosjektet.

Kalkulert kostnad til prosjektet er : 3,62 mill. kr inkl. mva.

Administrasjonen arbeider med søknad til fylkesmannen om ekstraordinære skjønsmidler til prosjektet. Ved utbetaling av eventuelt tilskot skal dette tilbakeføres til «VOE-fondet»: 2530010

#### **Saksopplysningar:**

Den 18. februar raste ei strekkje på om lag 25 meter av den kommunale vegen til Toskedalen ut ved Flothamn / Sverrestuen. Hendinga har førte til at dei om lag 20 fastbuande i området Gammersvik-Toskedal vart veglause.

Kommunen leigde inn geolog frå firma Multiconsult AS, Bergen, for å få vurdert årsaken til at delar av fjellpartiet vegbana låg på, rasa ut, og vidare for å bestemme kva tiltak som måtte gjennomførast for å sikra området. Det vart vurdert at ein straks måtte sette i verk omfattande sikring av fjellsida for å unngå vidare utrasing på staden.

Fjellsikringsentreprenør Inter Handling AS fekk oppgåva med å sikre fjellsida. Fjellet vart sikra ved å bore og sette inn fjellboltar og pumpe inn gysmasse, eit omfattande arbeid. I fjellsida over vegbana vart det gjennomført fjellreinsk og sikring av stein og laust fjell for å hindre nedfall på vegbana.

Parallelt med desse arbeida er det laga plan og prosjektert løysing korleis vegbana skal verte reetablert. I og med at ytre del av vegbana vert liggjande delvis i «lause lufta» må det byggjast ein

armert betongkonstruksjon i ei lengd på om lag 25 meter. Betongkonstruksjonen vert forankra i og på fjell.

Arbeidet med etablering av ny vegbane er lyst ut på anbod. Anbodsfristen er sett til 09. april. Ein har som målsetting av vegen skal vera køyrande til juni månad.